



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 29.08.2014

Vår ref.: 2014/6439

Arkivnr.: 008

Arbeids- og sosialdepartementet  
Postboks 8019 Dep  
0030 OSLO

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Høring - plikt til å stille vilkår aktivitet ved tildeling av økonomisk stønad – endring i lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga § 20

Fylkesmannen i Rogaland viser til høyringsbrev av 04.06.2014.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å innføre ei plikt til å stille vilkår om aktivitet ved tildeling av økonomisk stønad. Bakgrunnen for lovforslaget er eit ønskje om å få fleire i arbeid og bort frå ei passiv tilvere. Dette vil vere ein fordel både for tenestemottakaren og samfunnet. Ei undersøking har vist at det er stor forskjell mellom kommunane med omsyn til omfanget av bruk av vilkår. Departementet ønskjer å få ei meir lik praksis mellom kommunane. Fylkesmannen i Rogaland har ikkje innvendingar mot at det blir innført ei plikt til å stille vilkår om arbeidsretta aktivitet, men meiner at ei slik lovendring vil medføre økonomiske konsekvensar og meirarbeid for NAV-kontora i form av oppfølging og behov for å etablere fleire tilrettelagte aktivitetsplassar.

Fylkesmannen i Rogaland finn det uklårt om departementet med sitt forslag går inn for at ein ikkje lenger **kan** stille andre vilkår enn vilkår om aktivitet. Ordlyden i lovutkastet kan tyde på det. I § 20 i nojeldande lov står det: « Det kan settes vilkår for tildeling av økonomisk stønad..» I utkast til ny lov er denne setninga tatt bort. Meiner departementet at NAV-kontora ikkje lenger skal ha moglegheit til å stille andre type vilkår enn vilkår om aktivitet, eller tenkjer departementet at det ikkje er nødvendig at dette er teke med i lovteksten fordi det følgjer av «den alminnelege vilkårs læra»? Eller meiner departementet at det ikkje er nødvendig å stille andre vilkår fordi sosialhjelpa er subsidiær, jf. uttale i høyringsnotatet side 4 siste avsnitt og øvst på side 5.

Fylkesmannen meiner at ein ikkje bør innskrenka moglegheita til å stille vilkår. Det er viktig at NAV-kontora fortsatt får anledning til å stille andre type vilkår enn aktivitetsretta vilkår, for eksempel vilkår om å ta imot råd og rettleiing, redusere buutgiftene/skaffe seg rimelegare bustad eller realisere verdigjenstandar, da dette kan ha føre til at søkjaren blir sjølvforsørga.

Fylkesmannen meiner at det bør gå fram av sosialtenestelova at det kan stillast andre vilkår, ettersom NAV-kontora ikkje er særleg kjent med «den alminnelege vilkårs læra».

Fylkesmannen vil også påpeike at det vil vere uklårt kor langt ein kan gå med omsyn til å avslå ein søknad med å vise til at ein ikkje har prøvd alle moglegheiter til å sørgje for sitt eige livsopphald. Det kan for eksempel stillast spørsmål ved om ein kan stille krav om rettleiingssamtaler eller at søkjar går til lege utan at ein har stilt vilkår om dette. Ifølgje rundskriv Hovednr. 35 til lov om

sosiale tenester i NAV er dette gitt som eksempel på aktuelle vilkår. Vidare vert det vist til Alice Kjellevolds bok «Sosialhjelp på vilkår» frå 1995, 1. utgåve side 56, kor ho uttaler: «Problemet er at det er svært vanskelig å trekke en skarp grense mellom vilkår som faller inn under lovens vilkår og andre type vilkår. Vi står nok her overfor en temmelig flytende grense mellom de krav vi vil si ligger innenfor lovens vilkår (uekte betingelser) og de krav vi vil si er tilleggsvilkår (ekte betingelser) – i alle fall når vilkåret peker mot en bedring av klientens forsørgelsesmuligheter.».

Det kan dessutan svekkje rettstryggleiken til søkjarane dersom ein ikkje stiller vilkår, men i staden avslår ein søknad med å vise til at ein ikkje har nytta alle moglegheiter for sjølvforsørging. Dersom ein for eksempel vil krevje at ein søkjar skal flytte til ein rimelegare bustad, bør ein stille vilkår om det, og ikkje berre avslå søknaden. Når ein krev at ein i slike høve skal stille vilkår, må NAV-kontora vurdere om det er rimeleg i det einskilde tilfellet å for eksempel krevje flytting til ein rimelegare bustad. Og dersom søkjer ikkje oppfyller vilkåret skal det vurderast om det føreligg særlege grunnar til dette, og om det er rimeleg å gi sanksjonar (stoppa/reducere sosialstønad) på grunn av at vilkåret ikkje er oppfylt.

I høyringsnotatet uttaler departementet: «En arbeidsfør person som ikke søker arbeid eller gjør noe for å betre egne muligheter på arbeidsmarkedet for eksempel gjennom kompetansehevende tiltak, har i utgangspunktet ikke forsøkt alle andre muligheter til å sikre eget livsopphold, og vil ikke ha krav på annet enn kortvarig akutt hjelp.» Fylkesmannen meiner at NAV-kontora i slike tilfelle må stille vilkår om og eventuelt tilby kompetansefremjande tiltak og ikkje i utgangspunktet avslå å gi stønad/eller berre gi akutt hjelp.

I lovutkastet tredje ledd har departementet teke med konsekvensane av vilkårsbrudd. Dette går ikkje fram av nojeldande lov, men er omtalt i rundskriv Hovednr. 35. Fylkesmannen meiner det er ein fordel at det går fram av lovteksten at det skal fattast vedtak dersom stønaden skal reduserast på grunn av vilkårsbrudd, og at det er ei føresetnad at søkjar er informert om eventuelle konsekvensar i vedtaket om å innvilge stønad, slik departementet har foreslått. Fylkesmannen har erfart at NAV-kontor har redusert stønaden på grunn av vilkårsbrudd utan at det er fatta eit eige vedtak om dette.

Med helsing

Pål Iden  
avdelingsdirektør

Torunn Salte  
seniorrådgivar/jurist

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Torunn Salte  
Saksbehandlars telefon: 51 56 88 73  
E-post: fmrotsa@fylkesmannen.no